

# INSTRUKTØRKURS

## I FOLKEDANS OG TEATER







# Instruktørkurs I FOLKEDANS OG TEATER

Noregs Ungdomslag lanserer ei ny instruktøroplæring i teater og folkedans. Det er utarbeida nye, spennande instruktørkurs, både for folkedans og teater, som skal dekke dei fleste sjangrar. Kursa skal gjennomførast i ulike regionar rundt om i landet.

Instruktørkursa er sterkt subsiderte av sentralleddet. Dette betyr at kursa er rimelege for deltakarane, og at det ikkje skal vera nokon økonomisk risiko å vera vertskap for kursa.

Me ønskjer å gjennomføra 4 teaterkurs og 4 folkedanskurs kvart år. Geografisk plassering og fastsettjing av tema for dei ulike kursa blir gjort etter innspel frå lokal- og fylkeslag.

Sentralleddet vil vere økonomisk ansvarleg for kurset, men den praktiske gjennomføringa kan leggast til både storkurs i fylkeslaga, eller på eigne arenaer i lokal- og fylkeslag.

Instruktørkursa er lagt opp til helgekurs som går over 12 timer, og det er mogleg med kursstart anten fredag eller laurdag.

I denne foldaren presenterer me den nye instruktøroplæringa, med eit oversyn over kva kurs me tilbyr.

Meld inn ønskje og behov til [kurs@ungdomslag.no](mailto:kurs@ungdomslag.no) dersom de vil ha kurs til området dykkar!



# INSTRUKTØRKURS | FOLKEDANS

Med Noregs Ungdomslag si instruktøroplæring, kan du velja å fordjupa deg i det du treng. Nokon vil gå alle kursa me tilbyr, andre berre eitt eller nokre få. Dette gjer at me snakkar om opplæringsmodellen som ei kake, der du som deltarar sjølv vel dei kakestykkja du vil ha.

Kakestykkemodellen er ein dynamisk modell som per dags dato tilbyr desse instruktørkursmodellane:

- Grunnleggande instruktørkurs
- Danseleik for barneinstruktørar
- Juniorinstruktørkurs
- Instruktørkurs i song til dans
- Instruktørkurs i turdansrepertoar
- Instruktørkurs i samdansteknikk
- Instruktørkurs i runddansrytmer
- Instruktørkurs i eigen bygdedans
- Instruktørkurs i songdans og stordans
- Instruktørkurs i koreografi

Sjølv om kursa har sine studieplanar og eit rammeinhald så er det opptil dei ulike instruktørene å setja sitt sær preg på kurset. Med det vil me leggja opp til å motverka ei einsretting av kursa våre og det faglege innhaldet. Det gjer også at du kan gå fleire instruktørkurs innanfor det same temaet og på den måten få innspel frå fleire ulike instruktørar. Me tenker at ein instruktør aldri vert utlært!

## GRUNNLEGGANDE INSTRUKTØRKURS

På det grunnleggande instruktørkursset lærer du eit repertoar av dansar, du får grunnleggande kunnskap om sjangeren eller målgruppa, og du lærer metodar for å læra bort og leia dans.

Noregs Ungdomslag vil på sikt tilby grunnleggande instruktørkurs innanfor dei ulike dansesjangrane som vert bruka i ungdomslaga, som folkedans, swing, linedans, hip hop og så bortetter. Dette kurset kan også knytast til arbeid med andre målgrupper. Kanskje vil du ha eit instruktørkurs tilpassa arbeid med dansar for den godt vaksne målgruppa eller for grupper med særskilde behov. Meld inn til oss, så prøver me å tilpassa eit best mogleg opplegg!

## DANSELEIK FOR BARNEINSTRUKTØRAR

Barneinstruktørkursset er for deg som vil undervisa barn og unge. Her er det lagt vekt på danseleik der du lærer eit repertoar av gode dansar og leikar for barn. Korleis du arbeider med barn, og gruppeleiing vert også tema.

## JUNIORINSTRUKTØRKURS

Juniorinstruktørkursset er for dei yngste instruktørene som underviser dei yngste barna. På dette kurset vil du læra gode dansar og danseleikar for barn, metodar for å arbeida med barn og korleis du kan vera eit godt forbilde som instruktør.

## INSTRUKTØRKURS I SONG TIL DANS

På dette kurset vil song til dans stå sentralt. Her vil me ta føre oss songdans, songleikar og andre metodar for å sjå song som dansepuls. Her fokuserer me på songdanstradisjonen som etablerte seg på 1900-talet, dei folkelege songleikane og nye



måtar å sjå song til dans på. Det vert òg lagt vekt på korleis song og songpulsen kan vera verkemiddel til danseinnlæring. Du får eit repertoar av songar på rytme og døme på korleis du kan arbeida med å laga melodiar til rim og regler.

### INSTRUKTØRKURS I TURDANSREPERTOAR


På dette kurset står turdans som dansefamilie i sentrum, og du vil få eit innblikk i eit utval dansar. Dette kurset er for deg som vil ha eit større repertoar, i tillegg til at du får verktøy til å arbeida vidare med turdansar som du finn i turdansboka. Du får innføring i det å leia dans og metodar for å læra bort turdans. På kurset kjem me òg inn på drøftingar om kvalitetar i danseforma og får utveksla tankar om korleis du kan arrangera ein best mogleg leikfest.

### INSTRUKTØRKURS I SAMDANSTEKNIKK

Innanfor norske dansetradisjonar er det mykje samdans, og dette kurset tek føre seg teknikkar og verktøy som instruktørar kan gje til dansarar for å verta betre samdansarar. Kurset fokuserer mellom anna på rotasjon, læra å sjå og observera, kva mekanikkar i kroppen som ligg til grunn for rotasjonsteknikk, og utprøving av det å føra og fylgja.

### INSTRUKTØRKURS I RUNDDANSRYTMAR

Runddans er ein sentral dansefamilie innanfor norske dansetradisjonar, og på dette kurset går me inn på rytmane innanfor dei fire runddansane vals, masurka, polka og reinlender. Her vil me gå inn på lokale runddansvariantar der det er naturleg, og rundansrytmar sett i samanheng med bygdedans, songdans, turdans og sngleikar.



### **INSTRUKTØRKURS I EIGEN BYGDEDANS**

Innanfor bygdedansane har me store lokale variasjonar og individuelle særtrekk. På dette kurset vil du kunna fordjupa deg i din lokale bygdedans og læra metodar for formidling av han til barn, ungdomar og vaksne.

### **INSTRUKTØRKURS I FORDJUPING I SONGDANS OG STORDANS**

Me vil òg tilby fordjupingskurs innanfor songdans og stordans. Dette kurset er for vidarekomne og er for deg som har god erfaring innanfor songdans. På kurset lærer du om det å skipa songdans, og alle deltakarane skal i løpet av kurset få prøva seg på å skipa. Du vil òg læra eit utval songdansar og balladar, og læra om songdans i ein historisk kontekst.

### **INSTRUKTØRKURS I KOREOGRAFIARBEID**

På dette kurset vert det lagt vekt på korleis du som instruktør kan arbeida med koreografiske verkemiddel og metodar. Her får du smakebitar på korleis du kan arbeida koreografisk med folkedans og ulike måtar du kan legga opp framføring av dans for andre på. På kurset kjem me òg inn på nye arenaer å framføra dans på og korleis laget kan finna aktuelle samarbeids-partnarar i området ditt.





# INSTRUKTØRKURS | TEATER

Den nye modellen for teaterinstruktørkursa er bygd opp av ei rekke ulike sjangerkurs, der du som deltar kan velje kva sjanger du ønskjer å fordjupe deg i. Felles for alle sjangerkursa er at dei tek utgangspunkt i rolla som instruktør, og kva teknikkar og ressursar instruktøren kan nytte seg av for å gjere jobben lettare, få eit betre sluttresultat og ha det moro på vegen saman med dei andre i gruppa.

For å kunne vere deltar på sjangerkursa, må du ha gått NU sitt basiskurs i leiing og regi, eller kunne dokumentera tilsvarande realkompetanse. Basiskurset blir arrangert fast kvar haust på Det Norske Teatret i Oslo, og er gratis for medlemmer i Noregs Ungdomslag.

Basiskurset i leiing og regi gir deltarane dei grunnleggjande ferdighetene til å kunne drive som instruktør i sitt lokallag. I små lag vert det ofte mange oppgåver på kvar person, og det

vert fort slik at instruktøren også har som ansvar å leie gruppa, og i praksis vere produsent. I ei ideell verd så er dette to oppgåver som er skilde frå kvarandre, men slik vert det diverre ofte ikkje. Dette kurset tek difor for seg både leiing og regi, slik at deltarane får ei klarare forståing for kva dei ulike rollene inneber og samstundes får betre kunnskap om korleis dei skal takla alle dei ulike oppgåvene. Basiskurset går over 12 timer, der 8 er regi og 4 er leiing.

NU tilbyr i dag følgjande sjangerkurs:

- Instruktørkurs i vaksenteater
- Instruktørkurs i barne- og ungdomsteater
- Instruktørkurs i musical
- Instruktørkurs i revy
- Instruktørkurs i komedie/farse
- Instruktørkurs i impro



## INSTRUKTØRKURS I VAKSENTEATER

Dette kurset er for deg som i hovudsak instruerer vaksne skodespelarar, og som anten ikkje har bestemme deg for kva sjanger du ønskjer å drive med, eller varierer sjanger frå gong til gong. Kurset passar òg godt til deg som vil drive med klassiske teaterproduksjonar. På dette kurset er det lagt vekt på "klassikarane" innan skodespelteknikk, det vil seie at Stanislavskij-metoden og Lee Strasberg er utgangspunktet for tilnærminga.

## INSTRUKTØRKURS I BARNE- OG UNGDOMSTEATER

Som instruktør for ei barne- og/eller ungdomsteatergruppe har du eit ekstra stort ansvar for skodespelarane. Søkelyset er gjerne vel så mykje på at barna skal ha det kjekt og givande, og kanskje ikkje fullt så mykje på sluttresultatet. Instruktøren møter

gjerne utfordringar som at ikkje alle kan lese, og må såleis finne andre måtar for dei å lære seg replikkar på. I tillegg er det andre etiske retningslinjer i arbeidet med barn, spesielt dersom det er grupper med stor aldersspreiing.

## INSTRUKTØRKURS I MUSIKAL

Musikal er ein omfattande og krevjande sjanger, men svært gøy og givande å drive med. Det finst eit utal høgst varierte musikalar, frå dei store showa med dansarar, storband og kor til dei meir nedstrippa variantane med nokre songarar/skodespelarar, ein gitar og musikkavspelar. Å vite kva du gir deg i kast med når du tek på deg å vere instruktør for ein musical, er alfa og omega for eit vellukka resultat. Det er mykje å tenkje på, og mykje å organisere.



## INSTRUKTØRKURS I REVY

Revy er ein sjanger som har lange tradisjonar i ungdomslag. Dei fleste vel å skrive sin eigen revy, men det finst òg mange revytekstar de kan leige. Dette kurset tek difor for seg instruktørrolla frå eit tidlegare stadium enn dei andre kursa.

Frå skriveprosessen startar, til premiere. Korleis handtere tekstar skodespelarane har skrive sjølve? Korleis syr de saman ein god revy?

## INSTRUKTØRKURS I KOMEDIE/FARSE

Komedie/farse er nok ein populær sjanger i ungdomslag kringom i landet. Særskilt for denne er sjølv sagt vektlegginga av humor og dei fallgruvene det fører med seg. Dette kurset tek

for seg val av stykke og korleis de på best mogleg måte tek vare på dei humoristiske poengna i stykket.

## INSTRUKTØRKURS I IMPRO

Impro er ein sjanger som er populær. Dei fleste tenkjer nok på oppvarmingsøvingar og teatersport når dei hører impro, men impro fungerer òg supert som komplette sceneframsyningar. Å skulle instruere utan manus krev ei heilt anna tilnærming som instruktør enn det eit ferdig skrive stykke gjer. Her får de ei grunnleggjande innføring i korleis de kan setje saman ei sceneframsyning med impro.



**Noregs Ungdomslag**  
Øvre Slottsgate 2B, Oslo  
Tlf: 24 14 11 10  
[post@ungdomslag.no](mailto:post@ungdomslag.no)

[www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no)  
[facebook.com/noregsungdomslag](https://facebook.com/noregsungdomslag)  
[instagram.com/ungdomslag](https://instagram.com/ungdomslag)